



Statens vegvesen

BØMLO KOMMUNE

Rådhuset

Leirdalen 1

5430 BREMNES

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Astrid Elina Ådnanes / 24058237 24/243039-2

Vår referanse:
2021/1542-L13

Dykkar referanse:
2021/1542-L13

Vår dato:
08.10.2024

Nytt offentlig ettersyn av reguleringsplanforslag bustad- og næringsområde Busthorn Hollund 89-4,9 m.fl. Planid 201410, Bømlo kommune – Uttale frå Statens vegvesen

Vi viser til varsel frå kommunen om ovannemnde høyring i brev av 11.09.2024. Frist for uttale er sett til 13.10.2024.

Saka gjeld

Planområdet er 292 daa og ligg på Busthorn i Hollundsdalen i Bømlo kommune, aust for Svortland sentrum. Føremålet med planen er å regulere til nærings- og bustadområde med tilhøyrande trafikk-, leike- og friluftareal. I vestre del av planområdet er det lagt opp til bygging av ca. 200 bustadeiningar (einebustader og konsentrert utbygging). I austre del er det lagt opp til kontor, plasskrevjande handel og lett industri. Ved høyring av tidlegare planforslag i 2019 kom det motsegn til planen. I ettertid er planen revidert og motsegn frå Vestland fylkeskommune skal vere løyst.

Merknader frå Statens vegvesen

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan, statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (SBATP), vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, klima- og miljøomsyn og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel.

I denne saka uttaler vi oss primært som sektormynde.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Vi har følgjande merknadar:

Planforslaget manglar koplingar for mjuke trafikantar

Planforslaget legg opp til eit nytt stort bustadområde på Hollund. Vi saknar at det er planlagt ny direkte gang- og sykkeltilknytning til eksisterande bustadområde på Hollund på vestsida av planområdet. Planforslaget legg opp til at ein skal gå og sykle via ny gangbru over fylkesvegen, og vi oppfattar at dette inneber unødvendig lang avstand som kan opplevast som ein omveg.

Statens vegvesen meiner planløysingane må inkludere ovannemnde mangelfulle gang-/sykkelpkopling og sikre denne opparbeida med rekkefølgjekrav.

Det er viktig å byggje om ferdsel for mjuke trafikantar, og eit finmaska gangvegnett med attraktive snarveggar vil bidra til dette. Ut frå dette meiner vi og det er uheldig å fjerne gangveg «SGG6» i bustadfelt «Del 1» slik revidert planforslag legg opp til.

Vi påpeikar vidare at det er viktig at planen ivaretar at ein kan kome enkelt og trygt til turområda på nordsida av planområde, både frå dei nye bustadane og for turgåarar som kjem utanfrå (sørfrå).

Behov for oppretting av føresegn 2.1

Det er behov for å oppdatere føresegn 2.1 med tanke på opphøyr av sams vegforvaltning i regionreform 2020. Dette inneber at veganlegg som ligg inn mot fylkesvegen ikkje lenger skal godkjennast av Statens vegvesen, men av Vestland fylkeskommune.

Når det gjeld krav om godkjenning av overgangsbru over fylkesvegen opplyser vi om at Vegdirektoratet er godkjenningssmynde, jf. bruforskrift for fylkesveg. Vi tilrår at prosess for godkjenning av gang- og sykkelbrua vert starta tidleg av aktuell utbyggjar.

Transportforvaltning vest 3

Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Astrid Elina Ådnanes
sjefingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN